

## **Detaljreguleringsplan for fortau Blindheim - Tynes**

Planidentifikasjon:	Saksnr. (Acos):	Eigengodkjenningsdato:	Eigengodkjent av:
ID-15282022001	xx/xxxx	xx.xx.20xx	Sykkylven kommunestyre

### **§ 1 - Generelt**

#### 1.1 – Plangrense

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala brukast slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

#### 1.2 – Andre lovar og vedtekter

Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova (pbl.) og gjeldande vedtekter for Sykkylven kommune.

### **§ 2 - Reguleringsføresmål**

Areala innanfor planen sine avgrensing er regulert til følgjande føremål:

#### 1. Bygningar og anlegg (pbl. § 12-5, nr. 1)

- Bensinstasjon/vegserviceanlegg (BV)
- Bustader – frittliggjande småhus (BF)

#### 2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. §12-5, nr. 2)

- Køyreveg (KV)
- Fortau (FO)
- Annan veggrunn - teknisk anlegg (AVT)

#### 3. Omsynssoner (pbl. §12-6)

- Frisikt – H140

#### 4. Føresegnområder (pbl. § 12-7)

- Føresegnområde RpBo#1
- Føresegnområde RpBo#2

#### Forbokstav angir eigartilhøve:

o\_ er areal som skal vere i offentleg eige

f\_ er areal som skal vere i felles eige

## § 3 – Fellesføresegner

### 3.1 - Plassering og definisjonar

Bygningar skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensene som er vist på plankartet.

### 3.3 - Høgde på terreng, gjerde m.v. mot offentleg veg

Terreng, gjerde, hekkar o.l. i formålsgrensa langs offentlege vegar skal ikkje vere høgare enn 1,5 m over vegnivået, og 0,5 m ved kryss eller avkøyrslar. Gjerda må oppførast slik at dei ikkje verker sjenerande for den offentlege trafikken. Det må ikkje plantast tre eller busker som vil ta vekk utsynet i vegkryss eller på andre måtar verke sjenerande for den offentlege trafikken. Sjå elles føresegner som gjeld frisisiktsone.

### 3.4 – OVA

VA-anlegg og overvassystem innanfor planområdet skal opparbeidast i samsvar med kommunale normer og retningslinjer.

### 3.5 – Veganlegg

Køyrevegar og fortau skal utformast i samsvar med gjeldande vegnormalar med material av god kvalitet og ha ei estetisk god utforming.

Nytt fortau skal utførast slik at det blir best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgjevnader. Alle skjeringar og fyllingar skal avsluttast inn mot terreng, slik at sideområda får ei estetisk god utforming og slik at overgangen mot eksisterande terreng blir så naturleg som mogleg.

Før utbygging av fortau, skal det utarbeidast ein byggeplan som detaljert viser utforming av fortau, skråningar m.m. I samband med utarbeiding av byggeplan for veganlegget skal det lagast plan for naudsynt omlegging av vass- og avlaupsleidningar, og andre leidningar i bakken. Lyssetting skal vere i samsvar med vegnormalane og dokumenterast med lysberekningar. Byggeplanar skal godkjennast av vegeigar.

Før anleggsstart skal det utarbeidast ein plan for trafikkavvikling langs Kyrkjevegen i bygge- og anleggsperioden. Trafikkavviklingsplanen skal også ha løysingar for trygg ferdsel for gåande og syklende i bygge- og anleggsperioden.

Etter avslutta anleggsperiode og seinast i løpet av sommaren etter ferdigstilling av anlegget, skal alle berørte områder settast i stand og revegetering skal vere iverksett. Det skal nyttast eksisterande vekstmassar som blir lagra i anleggsperioden. Mellombelse område skal tilbakeførast til det føremålet som er vist i plankartet.

### 3.6 – Handtering av avfall og ureine massar

Avfall og ureine massar skal transporterast til godkjent fyllplass.

### 3.7 - Universell utforming

All planlegging og utbygging innanfor regulert område, skal basere seg på prinsippet om universell utforming/ tilgjenge for alle.

### 3.8 - Automatisk freda kulturminne

Dersom det i samband med utbygginga blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den utstrekning det råkar kulturminnet eller

sikringssona på 5 meter. Funn skal straks meldast til Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. § 8, 2. ledd i lov om kulturminne.

## **§ 4 - Bygg og anlegg**

### 4.1 – Bustadar (BF)

Bustadområde for einebustad og tomannsbustad. BYA må avklarast i eventuelle seinare reguleringsprosess.

### 4.2 – Bensinstasjon/Vegserviceanlegg (BV)

Areal avsett til bensinstasjon/vegserviceanlegg kan nyttast til forretning/bensinstasjon/vegserviceanlegg med tilhøyrande funksjonar. Parkering og grøntareal kan etablerast innanfor føremålet.

## **§ 5 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

### 5.1 – Køyreveg (o\_KV, f\_KV)

Vegar merka o\_KV skal nyttast til offentlege køyrevegar og skal opparbeidast med linjeføring og breidder som vist i plankartet samt etter krav frå vegeigar.

Vegar merka f\_KV skal nyttast til private køyrevegar og skal opparbeidast med linjeføring og breidder som vist i plankartet samt etter krav frå vegeigar.

Avkøyrslar langs det kommunale vegnettet er vist med pilsymbol.

Kryss og avkøyrslar skal utformast i samsvar med N100 «Veg- og gateutforming». Vedlikehaldet av private avkøyrslar skjer i samsvar med pkt. 9 i «Forskrift om alminnelege regler om bygging og vedlikehald av avkøyrslar frå offentleg veg».

### 5.2 – Fortau (FO)

Fortau merka o\_FO skal vere offentleg fortau, og skal dimensjonerast og opparbeidast med linjeføring og breidder som vist i plankartet samt etter krav frå vegeigar.

### 5.3. Annan veggrunn – teknisk anlegg (AVT)

Området for annan veggrunn, teknisk anlegg, kan nyttast til skjering, fylling, grøft, rekkverk, mur, støyvoll/-skjerm og snøopplag. Teknisk infrastruktur som rør, kablar, veglys og slukar kan plasserast innanfor føremålet. Arealet skal ha same eigarform som tilsvarende tilgrensande vegareal.

Det kan etablerast interimsvegar innanfor arealet regulert til annan veggrunn.

## **§ 6 – Omsynssoner**

### 6.1 – Frisiktsoner H140:

Innanfor frisiktsonene H140 skal det vere fri sikt på minimum 0,5 m over tilgrensande vegars nivå.

Busker, tre, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikten er ikkje tillaten. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsonen, dersom dei ikkje hindrar fri sikt. Parkeringsplassar kan ikkje etablerast i frisiktsonene. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar blir fjerna.

## § 7 – Føresegnområder

### 7.1 – Føresegnområde RpBo#1

Føresegnområdet markerer areal som har aktsemdsone for marin leire. Ved bygging av fortau/veg skal lokal stabilitet i grunnen vurderast ved at fagområdet geoteknikk skal ansvarsbeleggast i byggesak.

### 7.2 – Føresegnområde RpBo#2

Føresegnområdet markerer areal som har aktsemdsone for områdeskred. Ved bygging av fortau/veg skal lokal stabilitet i grunnen vurderast ved at fagområdet geoteknikk skal ansvarsbeleggast i byggesak. Råd i vedlegg 2 i NVE-rettleiaren nr. 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred» skal følgast.

\*

Nordplan AS avd. Ålesund/ Sykkylven kommune, xx.xx.22

\*\*\*

Eigengodkjent av Sykkylven kommune xx.xx.xxxx, sak xxx/xx

Odd Jostein Drotninghaug  
- ordførar -

Bente Glomset Vikhagen  
- kommunedirektør -